



## ETNE KOMMUNE

### Høyring - Forskrift om kva skule dei ulike områda i Etne kommune soknar til.

Etter Opplæringslova § 8-1 fastset Etne kommune forskrift om kva skule dei ulike områda i Etne kommune soknar til.

#### § 1 Verkeområde

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i K-sak 102/15: «Etter Opplæringslova §8-1 går Etne kommune i dialog med Odda kommune om forskrift for felles ungdomsskule for Fjæra og Odda».

Vidare gjorde Komité Drift følgjande vedtak i KD-sak 028/16: «Forskrifta slik ho ligg føre vert sendt ut på høyring».

Ny forskrift vil ha verknadsdato 01.08.2017.

Dersom forskrifta vert vedteken vil dei ulike områda i Etne kommune vil høyra til følgjande skular (nærskule):

#### Enge skule

- Enge krins
- Sørstranda krins
- Rygg krins
- Grønstad krins
- Sævareid krins
- Markhus krins

#### Skånevik skule

- Skånevik krins

#### Skare skule

- Fjæra krins frå 1.-7. årssteg

#### Odda Ungdomsskule

- Fjæra krins frå 8.-10. årssteg

#### § 2 Plikter og rettar

Elevar får tilbod om skulegang ved nærskulen sin, sjå Opplæringslova § 8-1.

Etne kommune har oppheva praksis med fritt skuleval (K-sak 059/13). Etter Opplæringslova § 8-1 tredje ledd kan ein elev etter søknad likevel takast inn på annan skule enn den eleven soknar til. Dersom søknad om skulebyte skal godkjennast, vil føresette måtta betala meirkostnad ved skuleskyss.

Elevar frå Fjæra skulekrins på 1.-7. årssteg får tilbod om skulegang ved Skare skule. Elevar frå Fjæra skulekrins på 8.-10. årssteg får tilbod om skulegang ved Odda ungdomsskule..

Elevar frå Fjæra som pr 31.07.2017 går på Enge skule, vil ha Enge som nærskule resten av skuletida.

#### § 3 skuleskyss

Rett til fri skyss i Etne kommune har elevar som har lengre veg mellom heimen og skulen enn:

- |               |      |
|---------------|------|
| 1. klasse     | 2 km |
| 2. klasse     | 3 km |
| 3.-10. klasse | 4 km |

I tillegg er nokre vegstrekningar klassifiserte som trafikkfarlege og gjev fri skyss heile året eller deler av året. (Sjå retningsliner for skuleskyss)

#### § 3 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 01.08.2017.

Fastsett i kommunestyret \_\_.\_\_.\_\_\_\_\_